



Beiterydding er eit aktuelt tiltak og no skal det byggast veg for rydding til venstre i dette området.

Bøndene i Uskedalen har vore og er flinke når det gjeld å rydde beite. Fleire har rydda store areal og no skal Margun Eik og Anbjørn Høivik på Kjærlandsido gjera ein innsats. I samband med det har dei søkt om byggjing av ein 300 meter lang landbruksveg nær Tverrelva.

Det aktuelle dekningsområdet er 19 dekar fordelt på 13 dekar produktiv skog og 6 dekar jordbruksareal. Det dreier seg om 150 kubikkmeter produktiv skog. Det vert opplyst i søknaden at dekningsområdet har beite og lauvskog på tidlegare beite.

Berekna byggjekostnad er 100 000 kroner og transportgevinsten 150 000 fordelt med 37 500 på skogbruk og 112 500 på jordbruk. Det er ingen kjente kulturminne i området men det vert opplyst

at skogsvegen i området vert hytta av turgåarar. Det er ikkje registrert som verdifullt kulturlandskap

Landskapet i området er i attgraing og vegen er eit naudsynt tiltak for å ryddja denne delen av beitet, står det i søknaden.

Av Ola Matti Mathisen